

## Sensasjonelt arkeologisk funn??



Motivet som kom fram under utgravingane i går og i forgårs.

**(SAKA ER OPPDATERT): Uskedalen.no har motteke ei melding om at det kan ha vorte gjort eit sensasjonelt arkeologisk funn under utgravingar her i Uskedalen dei siste dagane. Funnet minner om dei gamle helleristningane, men motivet skil seg frå dei, og det er utforma med ein sterk forhistorisk kunstnarleg dimensjon!**

Motivet som er gjort i hard stein, viser tydeleg eit vikingansikt med skjegg og hjelm med horn. Fagfolk arbeider framleis med å tolka funnet, og dei skal førebels ikkje ha klart å tidfesta det til ein spesiell tidsepoke. Motivet gjer dei likevel sikre på at det må vera laga etter vikingtida.


Funnet har vekt oppsikt i arkeologiske fagmiljø, og enkelte meiner å sjå at det styrkjer innhaldet i den vidgjetne segna om den allmechtige Kong Gaute. I tillegg medfører funnet at løgna om at vikingane ikkje hadde horn på hjelmen har fått banesår! Det er tydeleg å sjå!

Fagfolka som bearbeider funna, vil ikkje røpa kor i Uskdalen funna har vorte gjort. Grunnen til dette er at dei ikkje vil verta forstyrra i tolkningsarbeidet. Dette må vi sjølv sagt ha forståing for. Dessutan held utgravingsarbeidet fram for å undersøkje om det kan verta gjort nye funn.

Funnet vil ikkje berre kasta ljøs over bygdehistoria vår. Det kan truleg setja ein viktig periode i Noregshistorien i eit nytt perspektiv. Uskedalen.no vil følgja opp saka.

Denne saka har inspirert vår kjære limerickar Olaf Agnar Gausvik som for tida ferierer i Gdynia i Polen, til følgjande gode vers:

**Det er ikkje dokumentert at  
kong Gaute kan ha eksistert  
før mannen med meisel og  
svingande feisel er tvillaust  
identifisert.**



[Eit anna bilete av det arkeologiske funnet.](#)

Tekst og nett: Thor Inge Døssland